



Arkivbilete

**Rosendal/Uskedal J17(R/U) har den siste veka spelt 2 kampar høvesvis mot Loddefjord og Søreide1. Loddefjord borte og Søreide heima.**

## Kamp 1 Loddefjord – Rosendal/Uskedal

Mot Loddefjord (trenaren sin barndoms klubb) ble spelt i Alvøen laurdag 15. september. R/U kom noko forsinka til denne kampen etter trafikk problem i Bergen, men hadde likevel relativt god tid til kampen skulle begynne. Det er jo alltid et stressmoment å komma for seint inn til ein kamp.

Men jentene går ut i 100 og kjem til en del mål sjansar, men ballen vil ikkje i mål, før det er spelt om lag 20 min. Målet kom etter ein corner R/U si venstre side som Hanna treffer godt og legger perfekt inn til Ina som stussar ballen perfekt i mål. Det står 1-0 til R/U til pause og vi har kanskje et vist press på Loddefjord i den første omgangen.

Det er ikkje spelt meir en 7 - 8 minutt i andre omgang når det kjem eit fint gjennomspel frå Loddefjord, spissen kjem åleine mot en utrusande R/U keeper og setter ballen over keeper og i mål. Etter dette er det mykje gi og ta i denne kampen nokre sjansar til begge lag. Kampen sett under eit, så er det vel greitt med eit uavgjort resultat.

Lag: May Beate, Lene, Marte, Amalie, Lisa Jonette, Thea, Ida Marie, Guro, Hanna, Silje, Ina, Camilla, Vilde Hjelmeland (J14 Rosendal), Emma Øen (J14 Rosendal), Nora Sætrevik (J14 Rosendal), Siri Furdal (J14 Rosendal).

## Kamp 2 Rosendal/Uskedal – Søreide1

Kampen byrjar i et vanlig vestlandsvær med regn og vind som kjem og går, rett og slett kaldt på kunstgraset i Rosendal i denne kampen.

I starten på kampen ligger laga å føler litt på kvarandre og det skjer ikkje stort dei første minuttane av første omgang. Søreide er oppe på nokre gjennom løp, men forsvaret til R/U spelar ein god kamp og ryddar unna det meste.

R/U har litt medvind i første omgang og May Beate i målet til R/U har eit svært godt tilslag på ballen, dette gir

R/U mange sjansar på at ho spelar ballen langt over midtbanen kor Ina og Silje ligger å venter på offside grensa.

R/U jobbar seg fram til corner som Lene slår inn, får ballen i retur frå en forsvarspelar og legger ballen i ein fin boge over keeper og det står 1-0 til R/U.

Guro kjem seg fri frå sin oppassar på midt banen og skal slå ballen inn, den går i en fin boge over keeper og direkte i mål 2-0. Ina blir spelt fint igjennom og setter ballen kontrollert under Søreide sin keeper og det står 3-0 til R/U til pause.

Ina setter sin andre for dagen rett etter pause og R/U leder 4-0. R/U har på dette tidspunktet full kontroll på kampen. Igjen kjem Ina seg fri går aleine med keeper og setter ballen kontrollert i nota. Silje kom også til skåringar i dag, ho står for dei to neste scoringane for R/U.

Kampen er nå i realiteten over, men Ina kjem seg i gjennom og setter sluttresultatet til hele 8-0 til R/U over Søreide.

Til tider spelar R/U mykje god fotball. Det er mykje i dette laget som tilseier at om dei fortset å spele i lag, vil laget gjere det bra i framtida.

Lag: May Beate, Lisa Jonetta, Amalie, Marte, Lene, Hanna, Ida Marie, Guro, Thea, Silje, Ina, Camilla, Eli, Anna Elisabeth Samland Eik (J14 Uskedalen) Celine Musland (J14 Uskedalen).

Registrerer det er mange gode fotball spelarar som kjem etter dette J17 laget til Rosendal/Uskedal. Alle J14 jentene som har vert med på kamp har verkeleg gjort sine oppgåver til ståkarakter og litt til. Stå på jenter, det kan verkeleg bli gøy i framtida for jente/dame fotball til Rosendal / Uskedal, om desse fortset å spela sammen.

Tekst: Tor Gundersen

Foto: Foto: Ida Marie Eidsvik - Arkivbilete

Nett: Hans Ordin Østebø